Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58

# Vekeplan for 2. steg
# veke 50

| | | MÅNDAG 11/12 | TYSDAG 12/12 | ONSDAG 13/12 | TORSDAG 14/12 | FREDAG 15/12 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 08.50-09.35 | Stasjonar  | Jul på museet  | Kroppsøving i Saften  | Adventssamling  | Uteskule  |
| 2 | 09.35-10.20 | | | | Tema:  | |
| 3 | 10.35-11.30 | Skulen les | | Matte | Samfunnsfag | |
| 4 | 12.00-12.45 | Tema:  | | | Matte | |
| 5 | 12.45-13.30 | | | | | Den kulturelle skulesekken |

| LEKSER: | TIL TYSDAG: | TIL ONSDAG: | TIL TORSDAG: | TIL FREDAG: |
|---|---|---|---|---|
|  | | Pakk gymbag for innegym! Du treng klede som er gode å bevege seg i, hallsko, handklede, såpe og evt. andre byteklede. | | Pakk tursekken din. Du treng klede til å vera ute i, mat, drikke og sitjeunderlag. Dei som vil kan ta med ein vedkubbe og bålmat. Ekstra sokkar i sekken er lurt. |

**Julebingo (omvendt julekalender):**
I desember har me bytta ut vanlege lekser med ein frivillig julebingo. Elevane kan gjere så mange ruter dei vil i løpet av desember. Det kan vere lurt å fordele aktivitetane utover dei tre skulevekene fram til juleferien. Me på skulen kjem ikkje til å kontrollere eller samle inn julebingoen, men det er fint om dette kan bidra til fine aktivitetar i desember. 😊

| Norsk øveord: | | | | Matematikk øveord: | Engelsk øveord: | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| og<br>i<br>var<br>det<br>å<br>dei | på<br>den<br>har<br>så<br>han | som<br>er<br>ein<br>til<br>dei | av<br>for<br>med<br>at<br>var | Addisjon<br>Øve på tala til 100 | Christmas<br>Father Christmas<br>a present<br>a candle<br>an angel | a card<br>a Christmas tree<br>a star<br>a Christmas stocking<br>a Christmas bauble |


Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58

| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | Leseforståing og lesestrategiar |
| Matematikk | Addisjon med tala til 100 |
| Engelsk | Christmas |
| Kroppsøving | Leik og samspel |
| Tema | I veke 49 - 51 arbeider me med temaet jul i faga engelsk, musikk, kunst og handverk, samfunnsfag og i nokre av norsktimane.<br>I veke 1 - 3 arbeider me med temaet sjå opp i faga engelsk, musikk, kunst og handverk, naturfag, samfunnsfag og i nokre av norsktimane. |
| | |



## Meldingar til heimen



### Jul på museet
Tysdag reiser vi saman med 4.steg på museet på Kaupanger. Her vert det aktivitetar både ute og inne, så det er viktig at elevane har gode klede på seg. Ekstra vottar og sokkar i sekken kan vera ein god idé. Det vert grautservering til lunsj, men det kan vera lurt å ta med seg litt ekstra niste og noko å drikke.

### Lekse
Vi veit at desember er ei travel tid for alle. Vi har difor valt å ikkje setja inn noko lekse desse vekene. Vi håpar likevel de finn tid til å lese litt kvar dag i sjølvvalt litteratur i desember. Det treng alle!

### Symjing
Etter jul vert det symjing på onsdagar. Vi delar gruppa i to, der vi har halve gruppa i bassenget om gongen. Vi låner eit klasserom på Kvåle skule den tida dei ikkje er i bassenget. Kristoffer Myrseth er symjelærar på steget, medan Stine og Siv Jane vekslar på å bli med. Det vert sendt ut eit skjema i Visma til dykk føresette der me ynskjer å få vite noko om elevane sine forkunnskapar innan symjing. Ber dykk svare ut dette slik at vi kan tilpasse best mogeleg.

### Vurdering
I løpet av veke 50 vert det sendt ut vurderingar på Visma. Dette er ei skriftleggjering av det vi har gått gjennom på utviklingssamtalen. Les gjennom og ta kontakt om det er noko de lurer på.

**Ynskjer dykk ei fin veke! 😊**
**Stine og Siv Jane**



Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18